

Frist: 24. april

Sendes til: [postmottak@krd.dep.no](mailto:postmottak@krd.dep.no)

## Årlig rapport BOLYST

Til: **KRD**

Fra: **Jostedalsbreen Nasjonalparksenter, 6799 Oppstryn**

Dato: **22.04.2014**

<b>Kommune:</b>	<b>Stryn</b>
<b>Prosjektnavn:</b>	<b>Bulyst ved nasjonalpark</b>
<b>Prosjektleder:</b>	Anne Kjos-Wenjum Armas
<b>Leder i styringsgruppen:</b>	Hallgeir Nygård
<b>Kontaktperson i fylkeskommunen:</b>	Karoline Bjerkeset
<b>Forankring av prosjektet</b> (flere kryss er mulig)	a) Styringsgruppe X b) Forankring i befolkningen X c) Samarbeid med andre aktører lokalt, regionalt eller nasjonalt X
<b>Mål og eventuelle delmål med prosjektet. I hvilken grad har prosjektet nådd eller er prosjektet på vei til å nå sine mål?</b>	<p>Mål: Jostedalsbreen Nasjonalparksenter i Stryn skal gjennom dette bulystprosjektet skape auka bulyst gjennom å skape næringsutvikling og kompetansearbeidsplassar knytt til bruk av naturen i ei bygd med nasjonalpark.</p> <p>Har bygd opp produkt, utdanna 28 turleiarar i bygda og hatt mange aktivitetar, delvis oppnådd, undervegs til målet</p> <p>Delmål:</p> <p>Styrka marknadsføring av senteret: Utarbeidd manualar hatt møte med 62 turoperatørar,mm. Korresponderer dagleg med turoperatørar</p> <p>Utvikling av aktivitet som bidreg til heilårsarbeidsplassar: Utarbeidd manualar for heilårsarbeidsplassar</p> <p>Betre forankring av nasjonalparken og verdien i dette lokalsamfunnet: Hatt møte med kring 130 personar i bygda av eit folketal på ca 200, der det deltek store deler av befolkningen i gruppearbeid og utvikling av produkta</p> <p>Auke kompetansen om moglegheiter for utvikling av næring knytt til nasjonalparken: Har utdanna 28 nye turleiarar og auka kompetansen innan guiding og språk/ engelsk</p> <p>Koble bedrifter, lokalbefolkning og etablererarar: har vore gjort gjennom mange møte</p> <p>Nasjonalparken skal bli meir tilgjengeleg gjennom formidling av kunnskap som legg grunnlaget for oppleving og guiding: Har laga</p>

	tekstar for nasjonal skilting av dalane/innfallsportane i nasjonalparken og fått ekstern stønad til produksjon av skilt
<b>Målgrupper for prosjektet, når prosjektet frem til disse?</b>	<p>Lokalbefolkningen: Ja store deler av bygda er med i arbeidet</p> <p>Interesserte etablerarar i arbeid med naturaktivitetar/guiding: Ja, vi har fått kvalifisert 29 turleiarar som mange er private føretak</p> <p>Lokale reiselivsaktørar: Ja, vi har samla store deler av reiselivsaktørane/overnattingsbedriftene i eigen manual som vi marknadsfører</p> <p>Grunneigarar: Ja vi har mange med i grunneigargruppa som planlegg tiltak i randsona nasjonalparken</p>
<b>Resultat som er oppnådd i form av aktiviteter eller tiltak</b>	<p>Produsert manual Adventure; Aktivitetar for guiding heile året</p> <p>Produsert manual for overnattingsstader i bygda</p> <p>Utdanna 28 nye turleiarar over 3 dagers kurs kvalifisert som Sommarturleiar på sti i samarbeid med Den norske Turistforening/ Indre Nordfjord Turlag</p> <p>Gjennomført språkkurs i engelsk over tre dagar for 28 turleiarar som gjerd ei istand til å drive formidling om naturen</p> <p>Gjennomført studietur til naturreservata på Gran Canaria som utgjør 42% av øya og etablert studiesamarbeid som resulterer i to praktikantar frå Las Palmas i Oppstryn i 6 veker i 2014, gjensidig effekt av styrking av kvarandre sine produkt</p> <p>Er i ferd med å etablere rasteplass i randsona av nasjonalparken med informasjon</p> <p>Gjennomførte aktivitetar:</p> <p>Bygdemøte med 70 framkomne som arbeider i tre ulike grupper m hhv reiseliv, turleiar og grunneigarar</p> <p>Separate møter i gruppene turleiar, grunneigar og reiseliv med planlegging av aktivitetar</p> <p>Møte med alle elevane og lærarane ved Oppstryn skule der vi har snakka om framtid i bygda og om å arbeide med naturbaserte aktivitetar i bygda i framtida</p> <p>Ope møte med eldregruppa i bygda, ca 30 personar, der vi diskuterte framtid i bygda og framtidig gardsdrift kombinert med naturbasert turisme, skape optimisme for dei eldre med tanke på familie i bygda</p> <p>Kreativ bulyst kveld med musikk, poesi og kunst i samspel som samla over 100 personar</p> <p>Bulystdag for born og unge med gratis hundspannkøyring og aktivitetar i naturen, samla totalt kring 150 personar</p> <p>Middagskonsertar med lokal folkemusikk, informasjon og kulturinnslag</p> <p>Delteke på Workshop NTW ved Innovasjon Norge og hatt møte med 62 utanlandske turoperatørar for presentasjon av heilårsturisme</p> <p>Møte med Stryn kommune om sti ved strandlinja i Oppstryn for turistar som vil vitje kyrkja med omvisning ; Adventure på ein time; kyrkja som del av vår brehistorie</p> <p>Møte med tomtegruppe og funne aktuelle nye tomter for bygging av bustader i ei bygd der kommunen ikkje lenger kan tilby tomter</p> <p>Avtalt med grunneigarane i Erdalen om etablering av mange gapahukar etter gammalt mønster kring stor bål plass der også svake grupper kan</p>

møtast i naturen då det er privat bomveg hit. Vil bli brukt som del av produkt i bulyst for befolkninga og næring/ mjuke aktivitetar i naturen til samlingar, enkel overnatting, hausting i naturen med matlaging på bål.

Når det gjeld «Bulyst ved nasjonalpark» såg ein eit behov for å involvera grunneigarane i prosjektet, både gjennom prosjektgruppa og ved å opprette ein eigen arbeidsgruppe.

På folkemøte den 13.11.2013 vart det etablert arbeidsgruppe med ca. 15 deltakarar. Det vart og lagt opp til samarbeid med dei ulike grunneigarlaga i bygda.

Grunneigargruppa, møte 13.11.2013:

- Informasjon og gjennomgong av prosjektet. Kva er grunneigar sin rolle i prosjektet.
- Idemyldring, der det kom ulike innspel frå deltakarane til tiltak som ein kunne arbeide vidare med.
- Det var sett på kva fortrinn dei ulike områda hadde med omsyn til vidare satsing.
- Kontakt med dei andre arbeidsgruppene for å ha oversikt om kva bruk dei såg føre seg som aktuelle i dei ulike områda. Viktig at grunneigar kjem tidleg med i prosessen for å avklare problemstillingar.
- Konklusjon om at ein ikkje måtte ta med for mange arbeidsoppgåver i fyrste runde, men jobbe med konkrete ting i bygdelaga: Flo, Fosnes, Erdal, Hjelle, Hjelledalen og Sunndalen.

Grunneigargruppa, møte 03.03.2014:

Det vart konkretisert tiltak knytt til dei ulike bygdelaga. Særleg vart det sett fokus på tre områder: Informasjon, tilgjenge og skjøtsel.

Sunndalen:

- «Kamperhamrane» pilotprosjekt gamle ferdsløyper i regi av Riksantikvaren, Den Norske Turistforeining, Statens Naturoppsyn og grunneigarane.
- Setje i stand gamalt hus på «Sunndal»-gard, som kan nyttast til informasjonspunkt.
- Arbeide for å lage rundløype til «Tverrelvsskaret – Sunndalssætra» frå den gamle ferdsløypen over «Kamperhamrane».

Hjelledalen:

- Tilrettelegging for bruk av sykkel. Her er fine områder med lite motorisert ferdsel. Det vert og jobba med å få på plass ein bane for meir aktiv bruk «Pump-/dirttrackbane» ved Folven (sykkbane for BMX/mountainbike).

Hjelle:

- Informasjon om vikingfunna her. Tilrettelegging for enkle småturar i nærområdet.

Erdalen:

- Gapahukar på «Gongehågene» - enden av sætrevegen. Lett tilgjengeleg for barn, eldre, funksjonshemma eller andre som vil ta ein enkel tur. Det kan her leggast til rette for informasjon om natur og kultur i dalen.

	<p>Fosnes:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- «Tyvareset» - ferdsleveg over frå Fosnes mot Loen, der ein kan knyte seg til «Skålastien». Avklare merking og skilt med informasjon.</li> <li>- Kort tursti frå Jostedalsbreen Nasjonalparksenter til Oppstryn Kyrkje langs Oppstrynsvatnet.</li> </ul> <p>Flo:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Informasjonspunkt for «Flostranda» naturreservat. Kan ein få til noko knytt til det gamle skulehuset på Flo.</li> <li>- Vegen over «Flofjellet». Det vert jobba frå grunneigarsida og kommunen for å få sett i stand denne vegen.</li> </ul> <p>Alle desse tiltaka vil vere positive med omsyn til auka tilgjenge og informasjon. Det gjer det og lettare å få til organisert guiding i bygda. Når det gjeld skjøtsel må ein sjå på ordningar for finansiering, ein kan ikkje gjere alt dette på dugnad.</p> <p>Bygdamøte – «Høyring ny forvaltningsplan for Jostedalsbreen Nasjonalpark», 10.03.2014:</p> <p>Jostedalsbreen Nasjonalparkstyre v/forvaltar og representantar for Statens Naturoppsyn orienterte om arbeidet med ny forvaltningsplan. Representantar for grunneigarane kom med innspel til tiltak som det må takast omsyn til i den prosessen ein går inn i:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Vedlikehald og merking av vegar og stiar.</li> <li>- Skjøtsel av kulturlandskap.</li> <li>- Vedlikehald kulturminner.</li> <li>- Informasjonspunkt.</li> <li>- Grunneigarane som ressurs for forvaltinga av nasjonalparken.</li> </ul> <p>Det å få med tiltak forvaltningsplanen vil gjere det lettare å kome i posisjon til å få midlar til gjennomføring.</p> <p>Årsmøte i «Erdalen beitelag / grunneigarane i Erdalen», 19.03.2014:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Det vart orientert om «Bulyst ved nasjonalpark», og kva tiltak ein såg føre seg å arbeide vidare med i bygdalaget.</li> <li>- Korleis kan ein løyse ulike problem med det å halde oppe beitebruken i dalen. Færre aktive gardbrukarar.</li> <li>- Årleg innspel til Jostedalsbreen Nasjonalparkstyre gjennom bestillingsdialogen. Finansiering av årlege skjøtselstiltak.</li> <li>- Er det behov for avbøtande tiltak som fylgje av stor auke i ferdsel i dalen.</li> </ul>
	<p>a) Følger opprinnelig plan; JA</p> <p>b) Forsinket pga.</p>

<b>Vurdering av framdrift i forhold til opprinnelig plan</b>	c) Det er foretatt følgende justering
<b>Oppnådde resultater</b> <b>Hvor geografisk konsentrert har prosjektet hatt/vil ha effekt?</b> (Kryss av)	a) Helt lokal effekt b) Effekten kommer innen flere kommune i regionen. c) Effekten kommer i hele fylket d) Effekten kommer i eget og andre fylker e) Effekten kommer i eget fylke, samt andre fylker og/eller utenfor Norge X f) Vet ikke/ikke relevant
<b>Kort beskrivelse av metodikk i prosjektet</b> (max 250 ord)	<p>Involvere « heile» bygda, Samle reiselivet/overnatting. Utdanne turguidar, fjellførarar, språkkurs, vertsskapskurs. Skape lokal entusiasme for felles løft. Skape heilårsaktivitetar med soft Adventure for alle og med tilbod til svake grupper.</p> <p>Jostedalsbreen Nasjonalparksenter skal i dette bulystprosjektet skape auka bulyst gjennom bl.a. å skape næringsutvikling og kompetansearbeidsplassar knytt til bruk av naturen i ei bygd med nasjonalpark. Prosjektet skal styrke attraktiviteten til området rundt nasjonalparken.</p> <p>Dette skal mellom anna gjerast gjennom styrka marknadsføring av naturområdet, utvikling av aktivitet som bidreg til heilårsarbeidsplassar og betre forankring av nasjonalparken og verdien av dette i lokalsamfunnet. Prosjektet skal bidra til å auke kompetansen om moglegheiter for utvikling av næring knytt til nasjonalparken og kople bedrifter, lokalbefolkning og etablerarar.</p> <p>Nasjonalparken skal bli meir tilgjengeleg gjennom formidling av kunnskap som legg grunnlaget for opplevingar og guiding.</p> <p>Nasjonalparksenteret vil arbeide for å tilrettelegge kurs for nasjonale fjellførarar og vonar mange vil kvalifisere seg til å ta guida turar i området både med tanke på sommarjobb, attåttnæring og framtidig arbeidsplass. Etter at underteikna har arbeidd saman med advokat i NHO over tid i vår/sommar vedrørende sikkerheit og forsikringar samt selskapsdanning og vilkår, vil dette bli lagt til grunn . Det er viktig for oss alle at kvalifikasjonane er i hht forsikringsselskapa sine vilkår og eit av vilkåra er at alle som er leiar for ein tur, uansett type tur, skal vere kvalifisert fjellførar etter standardkrav.</p> <p>. For å auke bulysta til oss som bur i ei bygd med nasjonalpark er det viktig at vi har attraktive heilårsarbeidsplassar. Vi skal gjennom prosjeksperioden på 3 år arbeide for vinterprogram, vinterturisme og heilårsarbeidsplassar. Vi skal ut i verda og knytte kontaktar og marknadsføre overfor aktuelle segment som er friluftssøkande. På vinteren vil vi ha langt færre gjester, men gjennom undersøkingar viser det seg at betalingsviljen er større. Vi invitere bygdefolket til informasjonsmøte og idedugnader. Vi invitere til særskilte ungdomsforum med base i lavvoen, der unge i bygda kan kome med sine innspel til prosjektet. Det er denne gruppa som særskilt må ha</p>

	<p>tilbod om attraktive arbeidsplassar i framtida for å kunne planleggje framtida si her.</p> <p>Vi kjem i tillegg til allmøte også opprette kvinneforum, reiselivsgruppe der turistverksemder og bygdefolk med utleigehus og hytter blir inviterte med og særskilte grunneigarmøte. Gjennom prosjektsøknaden har grunneigarane Ingolf Folven og Johan Berge vore sentrale og er i dag kontaktpersonar. Prosjektet vil tilrettelegge i prosjektperioden kurs i språk, marknadsføring og vertskap i tillegg kurs for nasjonale fjellførarar. . Vi ønskjer å ta eit løft i bygda for ei felles framtid og vonar mange vil vere med og skape eit godt prosjekt. Bulyst ved nasjonalpark er eit nasjonalt pilotprosjekt og vil ende opp med konferanse og rettleiingar om dette tema til andre nasjonalparkbygder i landet</p>																																																																
<b>Overføringsverdi</b> for eksempel til andre lokalsamfunn	Nasjonalt pilotprosjekt med nasjonal sluttkonferanse for norske nasjonalparkbygder med rettleiing for utbygging av næring og bulyst i nasjonalbygder og skape optimisme for framtid i verneområde																																																																
<b>Ekstern kommunikasjon og deltakelse på samlinger med utgangspunkt i prosjektet</b>	<p>Hvilke samlinger har dere deltatt på i forbindelse med prosjektet?</p> <p>Vestlandsk Vidsyn 2013 Ålesund 2 dagar 2 personar</p> <p>Fjordane frå bre til hav 3 dagar 2 personar</p> <p>Samling nasjonalparkane Luster oktober tre dagar 1 person</p> <p>Møte Skei Bulyst november 2013- 1 person</p> <p>Møte Skei Bulyst 1-2 april 2014</p> <p>Grunneigargruppa, møte 13.11.2013</p> <p>Grunneigargruppa, møte 03.03.2014</p> <p>Bygdamøte – «Høyring ny forvaltningsplan for Jostedalsbreen Nasjonalpark», 10.03.2014</p> <p>Årsmøte i «Erdalen beitelag / grunneigarane i Erdalen», 19.03.2014</p>																																																																
<b>Regnskap</b> (satt opp slik at det kan sammenlignes med budsjettpostene)	<table border="1"> <thead> <tr> <th>Post</th> <th>2013</th> <th>Budsjett</th> <th>Regnskap</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Kontorleige</td> <td></td> <td>30 000</td> <td>30 000</td> </tr> <tr> <td>Kontorutgifter</td> <td></td> <td>15.000</td> <td>15 000</td> </tr> <tr> <td>Kurs sikkerheit</td> <td></td> <td></td> <td></td> </tr> <tr> <td>Marknadsføring</td> <td></td> <td></td> <td>6976</td> </tr> <tr> <td>Møte, reise</td> <td></td> <td>35 000</td> <td>18525</td> </tr> <tr> <td>Møteutgifter</td> <td></td> <td>30 000</td> <td>33300</td> </tr> <tr> <td>Nasjonalt seminar</td> <td></td> <td></td> <td></td> </tr> <tr> <td>Prosjektleiing, medarbeiderar</td> <td></td> <td>300 000</td> <td>341868</td> </tr> <tr> <td>Div kurs</td> <td></td> <td>20 000</td> <td>12522</td> </tr> <tr> <td>Studieturar/seminar</td> <td></td> <td>50 000</td> <td>47865</td> </tr> <tr> <td>Tilrettelegging rasteplassar planarbeid</td> <td></td> <td>110 000</td> <td>108990</td> </tr> <tr> <td>Kart heilårlege aktivitetar</td> <td></td> <td></td> <td></td> </tr> <tr> <td>Marknadsplan Sosiale media, web</td> <td></td> <td></td> <td></td> </tr> <tr> <td>Ymse</td> <td></td> <td>50 000</td> <td>24362</td> </tr> <tr> <td>SUM</td> <td></td> <td>640 000</td> <td>639408</td> </tr> </tbody> </table>	Post	2013	Budsjett	Regnskap	Kontorleige		30 000	30 000	Kontorutgifter		15.000	15 000	Kurs sikkerheit				Marknadsføring			6976	Møte, reise		35 000	18525	Møteutgifter		30 000	33300	Nasjonalt seminar				Prosjektleiing, medarbeiderar		300 000	341868	Div kurs		20 000	12522	Studieturar/seminar		50 000	47865	Tilrettelegging rasteplassar planarbeid		110 000	108990	Kart heilårlege aktivitetar				Marknadsplan Sosiale media, web				Ymse		50 000	24362	SUM		640 000	639408
Post	2013	Budsjett	Regnskap																																																														
Kontorleige		30 000	30 000																																																														
Kontorutgifter		15.000	15 000																																																														
Kurs sikkerheit																																																																	
Marknadsføring			6976																																																														
Møte, reise		35 000	18525																																																														
Møteutgifter		30 000	33300																																																														
Nasjonalt seminar																																																																	
Prosjektleiing, medarbeiderar		300 000	341868																																																														
Div kurs		20 000	12522																																																														
Studieturar/seminar		50 000	47865																																																														
Tilrettelegging rasteplassar planarbeid		110 000	108990																																																														
Kart heilårlege aktivitetar																																																																	
Marknadsplan Sosiale media, web																																																																	
Ymse		50 000	24362																																																														
SUM		640 000	639408																																																														

<p><b>Hvilke målsettinger i distrikts- og regionalpolitikken hører prosjektet inn under?</b> (Sett kryss ved svaret, flere svar er mulig)</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>a) Stabilisere eller øke befolkningen X</li> <li>b) Styrke, sikre eller etablere arbeidsplasser X</li> <li>c) Opprettholde/videreutvikle eksisterende virksomhet eller bidra til nyetableringer X</li> <li>d) Økt innovasjon eller innovasjonsevne X</li> <li>e) Økt kompetanse (både realkompetanse (både realkompetanse og formalkompetanse) for målgruppen X</li> <li>f) Økt tilgjengelighet (bedre veier, havner, andre transporttiltak og breibånd) Tilrettelegging randsone nasjonalpark X</li> <li>g) Styrke regionale sentra</li> <li>h) Å gjøre stedet/kommunen/området mer attraktivt som bosted eller lokaliseringssted for bedrifter? X</li> <li>i) Å gjøre stedet/kommunen/området mer attraktivt som reisemål? X</li> </ul>
<p><b>Gi en kort omtal av hvordan arbeidet er tenkt videreført etter prosjektets slutt</b> (maks 250 ord)</p>	<p>Vi er midt i arbeidsperioden og skal no etablere bygda som ein stad for attraktiv heilårsturisme i prosjektperioden og har mange tiltak som skal gjennomførast fram til ut 2015 då vi skal overlevere ein mal til andre nasjonalparkbygder for bygging av attraktive arbeidsplassar i ei nasjonalparkbygd. Etter prosjektets slutt i 2015 skal Jostedalsbreen nasjonalparksenter vere motor og samlingsstad i bygda og bygge vidare og opprettholde prosjektet som skal utviklast til å bli ein sentral stad i Norge og Skandinania for ekte naturopplevingar som gir heilårsarbeidsplassar.</p>